

Varhaug Misjonshus

Sentrum Menighet



NORSK LUTHERSK
MISJONSSAMBAND

Innhald:

Andakt
Min song
Julemesser
Bygger menighet
Tett på trua

Side 5
Side 7
Side 8-9
Side 10-13
Side 15-16

Varhaug musikklag
Gode øyeblikk
Mi bok
Vaktlister
Me syng jula inn

Side 18
Side 20-21
Side 23
Side 26
Side 28

ODLAND A/S

FORSKALING OG STØYPING



Alt i oppmerking av parkeringsplasser

Toppaveien 7
4360 Varhaug
Telefon:
51430937
Fax: 51433364
Mobil: 90889556



Bilopphugging og stort delelager.

Ytre Torvhusv., 4370 EGRSUND

TLF: 51 49 49 50

FAKS: 51 49 49 60

rogbil@hesbynett.no

Du ringer oss så henter vi ditt bilvrak!

The SI.BYGG logo consists of three green squares arranged in a 2x2 grid (with the bottom-right square missing), followed by the text 'SI.BYGG' in a large, bold, black serif font. Below this is the website address 'www.sibbygg.no' in a smaller, bold, black sans-serif font. To the left of the website address is a circular logo for 'MESTERHUS' featuring a gear and the letters 'TTT'. At the bottom, the text 'MESTERHUS' is written in a bold, blue, sans-serif font, and to its right, the slogan '- det blir som avtalt' is written in a white, italicized, sans-serif font on a red background.

SI.BYGG
www.sibbygg.no
MESTERHUS – det blir som avtalt



FØREMÅL MED HUSET ER:

Ved bruk av dei nådemidlar som er gitt oss i Guds ord å fremja Guds rike heime og ute. Arbeidet er forplikta på Bibelen, Den Norske Kyrkja si vedkjenning og dei retningslinjer som dei fire eigarorganisasjonane arbeider etter. (§2 i lovene for Varhaug Misjonshus)

Meldingsblad for Varhaug Misjonshus

1 - 2019

31. ÅRGANG

Eigarar

Varhaug Misjonshus er eigd av fire misjonslag. Desse er tilslutta kvar sin hovudorganisasjon:

Norsk Luthersk Misjonssamband

Formann:

Kjetil Halvorsen

Mob. 474 53 729

Det Norske Misjonsselskap

Formann:

Njål Omland

Mob: 916 89 177

Normisjon

Formann:

Kjartan Horpestad

Tlf: 926 89 585

Indremisjonsforbundet

Formann:

Toralf Liene

Mob: 951 69 466

<http://www.varhaug-misjonshus.no>

Ånestadvegen 21, 4360 Varhaug.

Tlf: 51 43 08 08

E-mail adresse:

post@varhaug-misjonshus.no

Postadresse:

Pb 103

4368 Varhaug

Kontortid: måndag og torsdag

kl 2000-2100

Kontonr. 3335 11 24011

Kommentarer/innlegg til bladet:

E-mail:

redaksjonen@varhaug-misjonshus.no

Tlf. 900 58 503

Frå redaksjonen

Når du sit med dette misjonshusbladet, er det mindre enn to månader til jul.

Det er kanskje ikkje så mange som er i gang med å førebu julefeiring alt nå, men det er kanskje på tide å begynna å planleggja.

Nokre har alt vore i sving ei heil tid med julemesser, Inne i bladet er det

oversikt over dei julemessene som eigarorganisasjonane på Misjonshuset er med på. To av desse er på Misjonshuset, ei er på Vigrestad Misjonshus og ei er på Saron, Bryne.

Det er NLM og NMS som har si messe på Misjonshuset, NOR er med på Vigrestad og IMF er med på Bryne. Det er første gong IMF si julemesse på Saron, Bryne vert presentert her i Misjonshusbladet, men faktisk er denne julemessa den eldste av alle. Den starta i 1960 og IMF på Varhaug har vore med heile tida.

Det er julemessene og «Me syng jula inn» som samlar mest folk på Misjonshuset gjennom året. I år syng me jula inn den 15. desember kl 18. På baksida er det nokre bilete frå 2018.

I blad nr.1 i år skreiv me at det var starta ny menighet på Misjonshuset. Den heiter nå Sentrum menighet, og oppstart var 18. august. Sjur Håland har snakka med to i styret, Birte Varhaug og Annette Sommerseth Auestad. Dei fortel mellom anna at kring 120 barn er med på Awana. Talet på leiarar er like imponerende. 40-50 personar er i sving for å gi barna i dei ulike gruppene fullt utbytte under gudstenesta søndag føremidda, annankvar søndag i partalsveker. Den andre søndagen er det SUNDAG på kvelden. Meir om dette i neste nummer.

Astrid G. Varhaug er her med Min Song, og Anne Brit Mattingsdal har andakten. Marit Nygård har levert Mi Bok: Ettervarme.

Steinar Ånestad har vore med i redaksjonen sidan 2016. Han har nå avslutta denne tenesta. Takk til Steinar for innsatsen. Hvis det er nokon som tenkjer at det å vera med i redaksjonen kan passa for deg, så er det bare å ta kontakt.

Per Åge Skretting

I redaksjonen: Eirik J. Varhaug, Sjur Håland, Per Åge Skretting og Karin Lerbrekk.





FARGERIKE



FARGERIKE HALVORSEN

Skulegata 13, VARHAUG • Telefon 51 43 61 00
E-post: post@fargerikehalvorsen.no
Mandag-fredag 7.00-18.00 • Lørdag 9.00-14.00.



Opstadveien 643
Postboks 54 – 4368
VARHAUG
Tlf.: 51798700
post@jerentrepenor.no
Org. nr.: 934279980
www.jerentrepenor.no

Regnskapsfirmaet på Jæren

Besøksadresse: Møllevegen 4, 4360 Varhaug. (2 etg på Felleskjøpet) Kontor på Bryne - Sandnes - Varhaug



www.jarok.no

post@jarok.no - tlf. 51 48 22 66



KAY'S

BETONGSAGING AS

- Kjerneboring NÆRBØ
- Meisling Tlf. 908 37 365
- Minigraver



Leverandør av trelast og bygningsartikler




TRELAST OG BYGGEVARER
ENGROS

Jernbaneveien 18/19, 4365 Nærbø
Tel: 51 79 12 70 - Fax: 51 79 12 71

R. SKRETTING A/S

KJØTTFORRETNING
DELIKATESSE
SELSKAPSMAT
4360 Varhaug Tlf. 51 43 02 16





WWJD

For nokre år sidan var det ikkje uvanleg å møta ungdommar som gjekk med eit armband der bokstavane, W W J D var brodert eller vevd inn. Bokstavane stod for setninga: «What would Jesus do?» eller som vi seier det, kva ville Jesus gjort? Dette var ei påminning når ein stod i ulike situasjonar, framfor val eller overfor menneske. Kva ville Jesus ha gjort?

Bibelen viser oss at Jesus ofte handla annleis enn folk flest. Hos Jesus er det inga rangering. Alle er like verdifulle. Difor er dette eit tankevekkjande spørsmål.

Ein gong høyrer vi om ein blind mann som sat i vegkanten. Han merka at det var mykje folk som var ute og gjekk og fekk vite at Jesus var på veg mot Jeriko. Mannen hadde høyrte om Jesus. Difor sette han i å rope så høgt han kunne: «Jesus, Davids Son miskunna deg over meg!» Hjelp meg, Jesus. Korleis reagerte folket på dette? Dei skjente på han og bad han teie, ein slik stakkar som han måtte ikkje forstyrre Jesus. Men kva gjorde Jesus? Han stansa. Han såg den blinde og ville hjelpe. Dei måtte leia den mannen til Jesus. «Kva vil du eg skal gjere for deg?» spurde Jesus. Svaret kom kjapt: «Herre, lat meg få synet att!» «Trua di har frelst deg,» svara Jesus. Så fekk mannen oppleve eit under, Han fekk synet tilbake, og han fekk sjå og ta imot Jesus som sin Frelsar. Det står så fint om han at han takka og lova Gud og gjekk ilag med Jesus.

Det er godt å sjå at Jesus tek imot kvart menneske som søker han. Han avviser ingen. Trygve Bjerkrheim seier det så fint i ein av songane sine:

Jesus tek seg av den eine som om ingen andre var.

Han har tid for deg når hine tid og time ikkje har.

Jesus tek seg av den eine om du minst av alle var. Han vil møta deg med kjærleik som ein trufast bror og far.

Jesus tek seg av den eine. Sæl kvar ein som går til han. Dag for dag han vil deg leia, til du når det gode land.

Alle er dyrebare i Herrens auge.

For her er det ingen skilnad på jøde og grekar: Alle har dei same Herren, og han er rik nok for alle som kallar på han. Kvar den som kallar på Herrens namn, skal verta frelst. (Rom 10,12-13)

Me stiller alle likt, mann eller kvinne, rik eller fattig, einsam, framand, tilsidesett ...

Ikkje ein så ussel er at ei Jesus har han kjær. Jesus elsker alle. Han er glad i alle.

Bokstavane W W J D kan og visa til: «Why would Jesus die?» Kvifor ville Jesus døy?

Vi er skapt i Guds gode bilete, men mennesket gjorde mot Guds vilje, dei synda, vi syndar. Likevel elsker Gud oss. Han ville på ny oppretta den relasjonen han hadde til oss frå før syndefallet. Difor måtte Jesus døy.

Men Gud syner sin kjærleik til oss med di Kristus døydde for oss medan vi endå var syndarar. (Rom. 5,8.)

Jesus er Guds gåve til oss menneske. Håper du som les dette har teke mot gåva.

Anne-Brit Mattingsdal





Fv. Torbjørn Honnemyr, Georg Høien, Håvard Varhaug, Per Arvid Jakobsen, Solfrid Harbo, Tarald Ånestad, Astrid Varhaug, Tron Stokkeland (form.) og Kristian Skrettingland.

Frå Husstyret

Haust, betyr mange basarar på Varhaug Misjonshus. Og 25. oktober kl. 19.00 er det Misjonshuset sin tur. Styret tek gjerne imot gevinstar til basaren med takk. Alfred Salte skal ha andakt, og me er veldig glade for at Hananja vil vera med oss i år og. Håpar på godt frammøte. Det er eit stort hus, så utgiftene er ganske store til dagleg drift og vedlikehald. Elles er dei godt i gang med dei forskjellige kor og aktiviteter i alle rom, både på fyrste plan, og i kjellaren, som nå har fått navnet: «Barnekjellaren.»

Husstyret har «vakt» kvar si veke. Då sørger vakta for reinhald i møtesalen, gang og toaletta i den avdelinga. Det er og kontorvakt kvar måndag og torsdag frå kl. 20.00 - 21.00. Kvinneforeningane har (som før) ansvar for kvar sin månad i kjøkken og toaletta. Matsalen og gangen tek ein dugnads-gjeng seg av. Kjempebra!

Misjonshus-styret vil ynskja den nye Sentrum Menighet lukka til, og håpar på godt samarbeid. I november er Julemessene i gang, og mange er i full sving med forberedelser. Det er viktig å bestilla Huset i god tid før arrangementa, slik at det kjem inn i Møteboka. For å bestilla er det enkelt å nytta seg av Varhaug Misjonshus sine heimesider www.varhaug-misjonshus.no. Her kan alle sjekka møteboka, både for å bestilla og for å fylgja med i det som skjer.

Tusen takk til alle som på forskjellige måtar støttar opp om Misjonshuset vårt.

Me håpar at Varhaug Misjonshus kan vera ein stad der folk kan kjenna seg heime. Det er i alle fall mange aktiviteter for både store og små. Og me ynskjer alle hjarteleg velkomne.

Minner her og om føremålet med Misjonshuset: Ved bruk av dei nådemidlar som er gitt oss i Guds ord, vil me vera med og fremja Guds Rike, heime og ute.

Helsing Misjonshusstyret

Min song



Når eg blei spurt om å skriva «Min song» i Misjonshusbladet, så visste eg med ein gong kva for ein det måtte bli. «Min gjenløser» av Håkon C Hartveit, har blitt spelt mykje i heimen i sommar. Det er ein liten song, med godt innhald. Og kvart vers kan stadfestast med ord frå Bibelen. Håkon C Hartveit har skriva mange fine songar, og sjølv har han ein mjuk og fin stemme, som eg tykkjer det er veldig fint å høyra på. Håpar du som les dette og kan få trøst og oppmuntring av denne songen:

Hvem bringer liv til blomster og trer.
Hvem skapte fuglen ved vinduet her.
Hvem bærer meg når min dag blir for hard,
Og fyller behov som jeg har.

Ref.

Min gjenløser, min kjære gjenløser.
Mektigste Frelser, trøster og venn.
Synd, skam, og uro, -tar Han i bytte,
Og gir meg skjønnhet og trygghet igjen.

Hvem gir meg frihet, men leder meg hjem,
Når jeg har falt, løfter meg opp igjen.
Hvem tar min hand, når min dag blir til natt.
Når selv jeg tror jeg er forlatt.

Hvem kom fra Himlen, og levde som oss.
Hvem lot seg nagle til Golgata kors.
Hvem kaster synden i glemselens hav.
Og hjelper i hverdagens kav.

Astrid G. Varhaug





PHOTO: ANNE SPRATT / UNSPLASH.COM

Julemesse

15. - 16. november

VARHAUG MISJONSHUS

<p>Fredag</p> <p>17:30 Matsalget startar Salg av gryterrett, kaker og kaffi</p> <p>19:00 Møte med Sverre Hovda Song av HÅP</p> <p>Etter møtet vert det varesalg og kafeteria Åretrekning</p>	<p>Lørdag</p> <p>11:00 Møte med Sverre Hovda Song av Siembra</p> <p>Varesalg og kafeteria med salg av middag, graut, kaker og kaffi. Åretrekning</p> <p>14:00 Familiemøte med Sverre Hovda Song av Anne Margrete Fauskanger Hovedtrekning, barneutlodning, trekning av kokk- og vaktmestertjenester og trekning av gavekort</p>
---	--

Velkommen!



NORSK LUTHERSK
MISJONSSAMBAND



Kom og vær med på NMS julemesse 22. og 23. november

Når tida er komen for NMS si julemesse går det verkeleg opp for oss at jula er på veg. Mange kjem igjen år etter år og me håpar at messa vert opplevd som triveleg, god og meiningsfull, noko som er viktig for oss.

FREDAG 22. november

- 18.00 Kveldsmat. Gryterett, kaffi, kaker m.m.
- 19.00 Møte med Hananja.
Kafé og varesal etter møtet.
Åretrekning ca. kl 20.30.



**LAURDAG
23. november**



- 11.00 Møte med Eivind Hauglid og Bjerkreim Barnekor
Kafé og varesal etter møtet.
Åretrekning ca. kl 13.00.
- 13.30 Familiemøte v/Eivind Hauglid og Yngreskoret.
Hovudtrekning og barneutlodning.

Mange dreg i lag for å få i stand messa med lefsebaking, skaffing av gevinstar, lagning av pyntegrønt, loddsal og mykje anna. Messehelga er det mykje å gjera for matkomiteén og mange bidreg med matvarer. Takk til alle som er med på dette.

Me vert glade for alle som kjem.

Julemesse

Vigrestad Misjonshus,

arrangert av Normisjon på Varhaug, Nærbø og Vigrestad



Fredag 8. november kl. 19.00

Andakt av Hans Tore Løvaas

Minikonsert med Jæren Gospelkor

Lørdag 9. november kl. 11.00

Andakt av Hans Tore Løvaas

Song av Minikoret

kl. 14.00: BASAR

Andakt av Hans Tore Løvaas

Song av soulchildren- gruppe

Barnetrekning

Hovedtrekning :

Bunad, sykkel, bålpanne, ulike gavekort m.m.

Fredag:

Kafeteria med salg av gryterett, pølser, kaker m.m

Årsalg og trekning av fruktkorger og kaker.
Tipp vekta på stor fruktkorg

Varesalg:
Småkaker, håndarbeid , egg, grønnsaker m.m.

Lørdag:

Kafeteria med salg av graut, smørbrød, kaker, m.m

Tipp vekta på fenalår

Lagebord for barna

Årsalg og trekning av fruktkorger og kaker.

Ansiktsmaling, popcorn

Varesalg
Småkaker, håndarbeid, egg og grønnsaker m.m.

Barne-og hovedtrekning

imf Rogaland

ImF Rogalands

Julemesse

6. og 7. des. Saron, Bryne

Taler: Jørgen Tønnessen

Fredag: 19.00 Sangmøte med åretrekning, pizza og varesalg
Lørdag :11.00 Åpningsmøte 11.40 Salg 13.30 Avslutningsmøte

Bygger menighet og fellesskap

**Sentrum Menighet er oppe og går på Varhaug Misjonshus.
Nå handlar det om menighetsbygging og vegen vidare.**



Sjur Håland

Den nye menigheten vart formelt stifta sist i april. Etter ein god sommar er møteverksemd og styrearbeidet i gang att for fullt.

- Eit krevjande arbeid, med mange trådar, arrangement og friviljuge medarbeidarar som skal samlast og einast, seier to av styremedlemmane i Sentrum Menighet, Annette Sommerseth Auestad og Birte Varhaug.

Mange oppgåver

Dei to stiller til ein samtale på Varhaug Misjonshus ein ganske alminneleg laurdagsettermiddag. Ein person styrar med å rigga til kveldsmøte, medan to ungdommar jobbar med datamaskinar og lysanlegg for å gjera klar til samling i Ungdomslaget. Godt mannskap og mange brikker skal på plass for at alt på Misjonshuset skal fungera til ei kvar tid. Det gjeld også for nyetablerte Sentrum Menighet. Noko må gå seg til etter kvart, medan andre oppgåver krev snarleg løysing.

- Stikkord for spørsmål me arbeider med nå kan vera knytt til økonomi og diakoni. Me spør oss også om kva folk på Varhaug ønskjer av tilbod gjennom Sentrum Menighet framover, forklarar Annette.

Gudsteneste og Awana

Hovudmerksemda har vore retta mot sjølve ankeret i menigheten, gudstenesta, som blir arrangert annan kvar søndag.

- Dette arbeidet har stått øvst på prioriteringslista saman med barnarbeidet gjennom Awana. Begge desse arrangementa har sine eigne styre, fortel Birte.

Annette er frå Hommersåk. Ho gjekk på Tryggheim og vart ein kristen der. Ho er godt etablert i bygda og eit kjent andlet for kundar på SPAR. Sentrum Menighet er midt i blinken for henne.

- Dette er noko eg og mange andre har lengta etter. For min del var eg, naturleg nok, ikkje knytt til nokon av dei etablerte eigarorganisasjonane på Misjonshuset. Å bli medlem av Sentrum Menighet, når denne vart etablert, var difor heilt naturleg for meg, seier ho.

Skal sjå kvarandre

Birte og Annette er begge småbarnsforeldre. Dei held fram viktigheita av tilbod til både barn og vaksne.

- At barna våre går på arrangement og er med i eit opplegg der også me vaksne er med, og at me ser kvarandre også i det store fellesskapet, er utruleg viktig, seier dei.

Begge held fram at dei etablerte organisasjonane med sitt arbeid, sine foreiningar og møter, høyrer naturleg til.

- Men det kan vera vanskeleg for dei yngste generasjonane å få eit like sterkt engasjement til det etablerte tilbodet som dei eldre har. Mange av oss ønskjer aller mest ha eit breitt samla fellesskap på Varhaug Misjonshus, difor er Sentrum Menighet midt i blinken, understrekar Birte.

Støtter organisasjonane

Sentrum Menighet er ein del av NLM-Varhaug, NMS-Varhaug, Normisjon-Varhaug og ImF-Varhaug. Menigheta skal støtta opp under arbeidet som desse organisasjonane gjer. Dette er også ein del av pakken som skal gå seg til i tida som kjem.

- Får de reaksjonar frå bygda. Er folk interesserte i kva som går føre seg?

- Det er litt etter kor du har nettverket. Enkelte



*Birte Varhaug
t.v. og Annette
Sommerseth Auestad
er styremedlemmar i
Sentrum Menighet.*

har sine rundt seg med tilhørighet til menigheten. Andre får spørsmål frå folk som ikkje får oppdateringer frå «innsida». Enkelte lurar på poenget med ei menighet. Andre held fram at det var godt slik det var, fortel dei.

Hovudbodskapen må vera at me ønskjer å stå samla og å ha eit fellesskap, seier dei to kvinnene.

- Dette er nok noko tilflyttarar og personar som er litt framande for tidlegare organisering kjenner ekstra sterkt på, legg Annette til.

Tettar gapet

Dei to erfarer at mange, etter søndagsskulen, Humlebølet, Spiren, Fres og Ungdomslaget har kjent at det har vore eit gap utan eit passende tilbod. Dei håpar gapet kan bli tetta med ein meir glidande overgang til vaksenlivet på Varhaug Misjonshus, og synar til at dei søndagane det ikkje er gudsteneste klokka 11, blir møteopplegget «Sundag» arrangert på kveldstid.

- Her er sjølvsagt absolutt alle velkomne, men hovudmålgruppa er unge mellom 20-30 år, seier dei.

Barnetilbodet, Awana, har blitt svært populært. Arrangementet finn stad samstundes med gudstenesta annan kvar søndag. Barn og vaksne er saman dei første 20 minutta.

- Hensikta med fellessamlinga er rett og slett at både barn og vaksne skal sjå kvarandre. Det

trur me er viktig. Men dei som ikkje ønskjer å vera med på fellessamlinga kan gå med barna direkte til Awana klokka 10,50, understrekar Annette og Birte.

Skal kjennast trygt

Kring 120 barn er med på Awana. Talet på leiarar er like imponerende. 40-50 personar er i sving for å gi barna i dei ulike gruppene fullt utbytte.

- Kva er det som driv dykk. Kvifor bruka fritida på dette?

- Det er enormt spanande og gjevande å få vera med og bygga opp noko som har vore planlagt og snakka om i årevis. Å oppleva fellesskapet og å bidra til at andre skal få kjenna same tilhøyrsla er stort. Misjonshuset skal kjennast trygt og ufarleg, også for nye som kjem inn dørene. Me står i døra og ønskjer velkommen, det er ikkje utan grunn, seier Annette.

- Kor er Sentrum Menighet om fem år?

- Målet må vera fullt hus og stormande jubel. Så håpar me på mange nye ansikt, og at tilbod som dåp og konfirmasjon er godt innarbeidd, svarar Birte.

Vegen framover er ikkje ferdig staka ut.

- Viktigast er å skapa ein trygg arena der alle, barn, unge og vaksne kjenner at dette er mitt, her er eg heima, understrekar Birte.



Åpningssamling Sentrum Menighet





18. august 2019

Foto: Per Åge Skretting



Sentrum Salongen

Ånestadveien 13, 4360 Varhaug

Tlf. 51 43 11 02

Er du fornøyd - er vi fornøyd



Bestill time på nett.
Scan QR koden og kom rett til
bestillingssiden. Eller gå inn på :

www.ledigtime.no/sentrumsalongen



SPAR



SPAR VARHAUG

Tlf. 51 43 01 36 - Fax. 51 43 00 19

E-post: spar.varhaug@ngbutik.net

Opningstider 06.30 - 21.00
(08.00-20.00)

SpareBank 1

SR-BANK

T. SKRETTING MASKINSTASJON

Dysjalsandsvegen, 4360 Varhaug


Trond Skretting

mob. 906 80 143

mob. 975 54 681 (Erik)

trond@tskretting.no

www.tskretting.no



VARHAUG HÅRMEFRISØR

Brit Jane Varhaug
Einervegen 3
Tlf.: 51430757

Varhaug Park & Hage

Tlf: 51 43 59 00 e-post post@vph.no www.vph.no



Murmester

Waldeland & Dubland AS

Alt i mur-, puss- og flisarbeid

Tlf: 992 50 989

Epost: post@waldeland-dubland.no

HUS • TILBYGG • REPARASJONER

Be om pristilbud på arbeid og materialer



Lobekk Bygg A/S

Svein Lobekk

Tlf.: 51 43 09 99


Mobil: 90 92 98 87



Fe y vida: Bak frå venstre: Brynhild Roth Sæther, Anna Lindefjell Dyrøy, Helene Bonden Aanestad, Marit Halvorsen og Nina Varhaug. Framme frå venstre: Tone Varhaug og Synnøve Krosli.

Tett på trua og livet

Fe y vida er spansk og betyr «tru og liv». Det er nettopp det foreininga til åtte kvinner på Varhaug handlar om.



Sjur Håland

Å gå på foreining annankvar måndag, frå tidleg haust til tidleg sommar, har blitt så viktig for kvinnene i Fe y vida, at det høyrer med til sjeldanheitene at nokon melder forfall. Banda har blitt tette.

- For mange av oss har foreininga blitt det viktigaste og tryggaste åndelege fellesskapet, seier Anna Mathilde Lindefjell Dyrøy og Helene Bonden Aanestad.

Foreiningsmedlemmane er kvinner i sin beste alder, mellom 35 og 53 år.

- Ei ung foreining med andre ord?

- Me er i alle fall unge til sinns, ler dei.

Pangstart

Det starta med ei ny NLM (Norsk Luthersk Misjonssamband)-foreining som etter kvart hadde så mange medlemmar at det vart praktisk å dela ho i to, seinare i tre. Det var Helene Bonden Aanestad og Berit Skretting som i si tid etablerte Fe y vida. Det spanske namnet var ein forslag frå dåverande Peru-misjonær Marit Halvorsen.

I dag er det med andre ord tre NLM-kvinneforeiningar med utgangspunkt i den eine.

Halv åtte til ti annan kvar måndag er det foreiningskveld i Fe y vida.

- Me begynte klokka åtte ei tid, men då vart kvelden for kort. Kveldane går ganske fort, skjonar du, seier Helene.

Høglydt

Skrivaren hugsar frå kvinneforeiningane før i verda. Då var det ganske stilt. Kvinnene rutla med spøtet og kviskra litt i kaffipausen. Det var helst alvorret som rådde.

- Då kan me først som sist slå fast at ting er i endring. Foreiningskveldane våre er ganske så høglydte, slår Anna Mathilde og Helene fast.

Foreiningskveldane ambulerer mellom heimane. Casual, er nyordet. Kvinnene er seg sjølv. Kler seg vanlig og kjem som dei er. Ofte til eit varmt kveldsmåltid.

- Under måltidet skravlar me om absolutt alt. Hugs på at me har blitt godt kjende gjennom mange år. Me er trygge på kvarandre. Det kjennest godt, seier dei.

Etter maten er det bibellesing og eit opplegg med spørsmål som legg grunnlaget for samtale.

- Me er faktisk ganske flinke til å halda oss til temaet. Men me kan bruka lang tid, og det er lov å skjera ut. Det gjer ingen ting, seier Anna Mathilde.

Bønestund

I tillegg bruker kvinnene ei bønnebok, der dei sjølv har skrive ned bønneemne. Boka blir etter foreiningskvelden levert til den personen som skal ha foreining neste gong.

- Me brukar god tid til bøn. Lista er ganske lang.

- Kva ber de om?

- Ting i tida, menneske som har det krevjande og treng forbøn. Også det me er glade og takksame for er med på bønlista, seier dei.

- Ganske nært og intimt?

- Ja, det blir svært nært og fortruleg. Det er difor det er vanskeleg å snakka om dette i eit intervju. Me er så godt kjent og har det så nært at det er ingen som vil gå glipp av ein foreiningskveld utan at dei har ein svært god grunn, seier Helene.

- Så om ei av medlemmane har hatt ein dårleg dag ...

- Ja så kjem ho i alle fall på foreining!

Fast givarteneste

Samhaldet er sterkt. Nokre av kvinnene har mindre barn. Andre har ungdommar i huset. Vanskelege dagar kan dukka opp. Også når det ikkje er ein foreiningskveld. Då tikkar det gjerne

inn ei melding på mobilen med oppmoding om å hugse på den eller dei det måtte gjelda.

Fe y vida er like så gjerne ei bibelgruppe som ei tradisjonell kvinneforeining. Innsamlingsbøssa er erstatta med fast givarteneste for dei som vil bidra til misjonen.

- Nokre gonger har einkvan gjerne med ei basar- eller loddbok. Det kan vera Holmavatn, Tryggheim eller Tonstadli. Då gir me beskjed på førehand at dei som vil kjøpa lodd må ha med seg pengar på foreininga.

Misjon utan spøt

Indre- og ytre misjon er framleis ein del av agendaen. Nokre av medlemmane har tett kontakt med misjonærar. Det blir sjølv sagt eit engasjement knytt til dei.

- Elles er det blant vår og dei to andre foreiningane si oppgåve å hjelpa den eldste NLM-foreininga på Varhaug når dei har si basarhelg i februar. Me har ansvaret for basaren på laurdagen, forklarar Helene.

Det blir ikkje lenger strikka og sydd på akkord for å få klar halvsokkar, vottar og sengeteppe til basarar.

- Den praksisen høyrer nok meir med til dei farne tidene. Enkelte likar jo å ha spøtet med seg. Men det går like greitt utan, forsikrar Anna Mathilde.

- Kva er skilen på ei kristen og ei «verdsleg» foreining?

- At me ber og les i Bibelen og har den kristne trua i botn. Andre foreingar har gjerne kome i stand ved at ein venninnegjeng held saman. Me har begynt med utgangspunkt i det kristne fellesskapet og blitt samansveisa etter kvart, seier Anna Mathilde og Helene.



KJERNEBORING
BETONGSAGING

Rilling av spaltegulv. Graving og drenering. Senking av kjeller. Utmeisling av fjøs.
Egil Håland 416 99 617 www.Toppaland.no toppaland@gmail.com

EIK

SENTERET

Vi er der når du trenger oss

Varhaug, Oppstadveien 651. Tlf: 51 79 94 80 • Tlf. 982 17 798

Hjemmeside: jts.as

ALT I ELEKTRISKE INSTALLASJONER

Elektrofag Jæren

Industrigt. 2, 4362 Vigrestad • Tlf: 51 79 11 70 • post@elektrofag.no

En god kontakt på Jæren

EL-PROFFEN

EL-TEAM

Elektroentreprenør

Belysning-
prikken over i ́en

Tlf: 51486740
firmapost@el-team.net
www.el-team.net

TA KONTAKT



JG MASKIN

Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 89, 4360 Varhaug
Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - jagunnau@online.no

• SERVICE • DELER • REPRASJONER

Varhaug Musikklag - 25 år

Det er gildt å reisa rundt og syngja. Dette er eit allment utsagn frå medlemmane.



Karin Lerbrekk

Det er uråd å skriva om Varhaug musikklag utan å nemna Solfrid Skretting, pianist og leiar for dette sanglaget i alle desse åra. Solfrid fortel at nokre sangglade damer og menn kom til henne og spurte om det var råd å få til eit musikklag. Det var først ei tid med rekruttering og planlegging hausten 1993, som resulterte i starten for Varhaug musikklag på nyåret 1994.

Utanom Solfrid, som har vore leiar og spelar piano i alle desse åra, har Gudrun Husveg spela gitar like lenge. Ei stund var det to gitarar attåt piano. Dei var atten stk inkludert musikantane som begynte i 1994, og åtte av desse er enno med. Denne 25 åringen har hatt over førti medlemmar som har vore med kortare eller lengre tid. Det vitnar om både sangglede og trivsel.

Fast øvingsdag har heile tida vore annankvar tysdag på misjonshuset. Første øving på nyåret var i mange år heime hos Solfrid på Skretting, og då fekk julekakerestane føter å gå på. Sviskegraut og kaffi stod og på menyen, så det vart ein god start på det nye sangåret. I tillegg til øvingane har Musikklaget vore ute på sangoppdrag jamt over to gonger i månaden, stundom nokre ekstragonger.



Sangglede

Sangvalget er i tradisjonell musikklagstil. Nokre sangar har vore med heilt frå starten, andre har kome til etter kvart. Ferda har gått frå Tananger i nord til Sokndal i sør, til Hommersåk, Gjesdal, Vikeså og Bjerkreim, og sjølsagt heime på Jæren. Det er ikkje få bedehus og kyrkjer som har fått gjester frå Varhaug. Det gjer godt innad i laget, og tykkjest ha vore kjærkomne der ein opptrer og.

Ei tid var musikklaget fast innslag på Røde kors sitt arrangement på Hå sjukeheim i påska. Der deltok musikklaget med både sang og andre innslag. Sang på Samemisjonen sin årlege basar på misjonshuset, er og fast på programmet, og har vore det i mange år. Det same gjeld på arrangementet – «vi syng jula inn» på Misjonshuset.

Merkedagar

Det har vore nokre merkedagar i Musikklaget. 10 års jubileum vart feira på Holmavatn med fest og god middag. Fleire gonger har Musikklaget sunge i fødselsdagssselskap for medlemmar. Siste samling før sommarferien er og alltid spesiell. Då har Musikklaget reist på hytter både til Heskestad, Lutsi og Hellvik, eller teke turen til skulehuset i Holmane eller på Lerbrekk, for å nemna nokre av stadane. Fast på sommaravslutninga er utlodning. Pengane går kvart år til eit på førehand bestemt prosjekt, og



har vonaleg kome til nytte både i inn- og utland.

Alder

Aldersspennet blant sangarane i Musikklaget er variabelt. Det er ikkje til å unngå at dei som var med frå starten i 1994, nå er 25 år eldre. Det har vore medlemmar frå 30-85 år. Nå er dei fleste mellom 70 og 80, nokre over og nokre under. Rekruttering er heller vanskeleg, kanskje er denne sangstilen ein utdøyande stil?

Framtida er som kjent vanskeleg å spå, men ei sanning er iallfall at det er veldig gildt å vera med i Musikklaget! Der er det ekte sangglede, i tillegg ei varm og spesiell omsorg medlemmane imellom. Aldersskilnaden er inga hindring, heller ein styrke.

Kaffi

Dei siste åra er det innført kaffipause med noko attåt på øvingane. Det er heilt nødvendig å sitja nedpå litt, og diverse verdsproblem får si løysing i slike sosiale samkome!

Viss du som les dette, tenkjer at du har lyst å vera med i Musikklaget, er det ganske sikkert at du vil verta ønska varmt velkommen!



Nytt styre i ungdomslaget

Bak f.v.: Kristian Lerbrekk Ødegård, Kenneth Tjemsland, Sigve Kydland, Birger Kydland, Daniel Hetland.

Framme f.v.: Hanne Sollesnes, Julie Skrettingland, Alma Auestad, Ingvild Halvorsen og Martha Nord-Varhaug



VoldenTollefsen AS

Rådhusgt. 2A, 4360 Varhaug

Tlf. 51 47 22 00 / www.voldentollefsen.no



Kjekt i Åpen barnehage. Frå venstre: Jeanette Tegle Tveit, med Alea Skeie i fanget, Ingeborg Skretting, Gunhild Petersen og Gustav Skretting.

Gode øyeblikk i Åpen barnehage

Måndagar og torsdagar mellom 09.00-13.00 samlast barn, føresette og barnehagepersonale til Åpen barnehage på Varhaug Misjonshus.



Sjur Håland

I gangen ved matsalen står to svære, raudmåla trillevogner. På knaggane på veggen heng små og store jakker og polstra dressar i alle kulørar. På golvet står

uteskor frå størrelse 19-46. Frå

matsalen høyrst lydar av leikande barn i med turboen skrudd på. Gunhild Petersen og Jeanette Tegle Tveit tar smilande i mot meg og finn plass til oss ved eit bord. Lokalet syder av liv og leik. Nokre vaksne sit på golvet med barna, medan andre drikk kaffi og pratar. Ein lyslugga fireåring har bygd eit tårn med store, gule og raude plastputer. Han står på klossane, vippar over og ramlar på golvet. Tårnet veltar.

Den komande entreprenøren er lynraskt på føtene att og startar bygginga på nytt.

Del av Lensmannsgarden

Neste år blir eit slags jubileum. Då har Åpen barnehage har vore i drift i tjuve år. Gunhild og Jeanette byrja for to år sidan. Før dei har det vore fleire tilsette, blant andre har Audhild Vold hatt ansvaret i fleire år. Gunhild er pedagog og arbeider i barnehagane i Hå kommune med språktrening som spesialfelt. Jeanette er tilsett i Lensmannsgarden barnehage som barne- og ungdomsarbeidar.

- Åpen barnehage er eit tilbod som ligg under Lensmannsgarden barnehage. Her er foreldre, dagmamma, besteforeldre eller andre omsorgspersonar, som er heime med barna på dagtid, velkomne til å stikka innom, seier Janette.

I Åpen barnehage skal alle, uansett tru og bakgrunn, kjenna seg heime og ivaretekne. Målet er å også få med seg foreldre og barn med innvandrarbakgrunn. Ungar har glede av å vera i lag. Det same gjeld foreldra, som treffest i Åpen barnehage.

- På måndag veit me at det kjem ei mor frå Litauen. Dette er ein eineståande arena for å bli kjent med andre, lære språk og sosiale ferdigheiter før barna gjerne byrjar i ordinær barnehage, seier Gunhild.

Legg til rette

Med erfaring frå vanleg barnehage, legg Jeanette og Gunhild til rette for at utbyttet frå føremiddagstimane i Åpen barnehage på Misjonshuset ikkje er tilfeldig. Rammeplan for barnehagen, Hå kommune sin Kvalitetsplan for barnehage og Lensmannsgarden barnehage sin årsplan er innbakt i opplegget. Visjonen er «Varme hjerter - gode øyeblikk»

- Det er omsorgspersonane som har ansvar for barna sine. Vår rolle her er ikkje å passa på barna, men å legge til rette for aktiviteter, samling og felles måltid, forklarar dei to.

Barn frå heile kommunen er velkomne. På Nærbø er Noas Ark open barnehage eit tilsvarande tilbod. I praksis er dei fleste som kjem til Åpen barnehage på Varhaug Misjonshus frå Varhaug, Vigrestad og sørøver. I år har talet på barn lege på 12-13.

- I fjor var det jamt over 15-20 som møtte. Me var opp mot 30 barn på det meste, seier Gunhild.

- Då kokar det vel her inne?

- Ja, og då har me det ekstra gildt, smilar Jeanette.

Plass til fleire

Det er neppe nokon som klagar på prisen.

Det kostar 20 kroner per barn og gong. Alle tar med matpakke. Vil dei vaksne ha ein kopp med kaffi eller te, er prisen ti kroner.

- Vil de seia at det er behov for dette tilbodet?

- Ja, dei som kjem hit gir uttrykk for at dei er svært nøgde. Det er stort sett dei same som kjem att gong etter gong, medan det av og til dukkar opp nye, fortel Gunhild.

- Ungane som går her, gler seg stort til kvar gong dei skal hit i Åpen barnehage og leika med

andre barn. Foreldre og føresette har det like gildt. Me har plass til fleire, så det er berre å møte opp, legg Jeanette til.

Matsalen med toalett, stellerom og toalett fungerer utmerka, med nok plass til leikeområde på golvet. Folk kan koma og gå når dei vil. Av og til blir det lagt opp til ein tur eller spesiell aktivitet, som dei som vil, kan vera med på.

Eit fantastisk tilbod

Langs eine langveggen på ei raud matte, sit Svend Lerbrekk med dei to barna sine, Ragnhild (2) og Olea (sju månadar). Ragnhild er i full konsentrasjon med å stabla store byggeklossar. Olea vil helst sitja på far sitt fang.

- Kvifor kjem du hit, Svend?

- Dette har både eg og barna glede og nytte av, svarar han.

Barna får treffa og leika med andre, medan Svend får brekka av kvardagen med ein prat med andre vaksne. Svend er heime i full permisjon frå stillinga som sjukepleiar, medan kona hans, Victoria, tar vidareutdanning. Han plar møte i ni-tida og vera fram til Olea skal kvila, ein halvtimes tid etter matpausen.

- Dette er enormt greitt. Rett og slett eit fantastisk tilbod, understrekar han.

- Kva tenkjer du om at Varhaug misjonshus også rommar plass til eit tilbod som dette?

- Heilt topp. Lokalet er godt, det er lett å ha full oversikt slik at me kan halde eit auge med barna til ei kvar tid.



Svend Lerbrekk saman med døtrene Ragnhild og Olea.

KULLSYREMASKIN

FRA AGA



899,-

inkl. patron



bytte av
patron
149,-

Finnes i sort eller hvit

VI HAR GODKJENT BILVERKSTED:

- EU kontroll
- Hjulstilling
- Service
- Tilhengerservice
- Salg av dekk
- Dekkhotell



Varhaug Servicenter A/S

Godkjent bilverksted • 51 43 02 33

MALER OG GOLVLEGGER

Jæren Gulv AS

Varhaug • Tlf. 488 48 700



JÆREN AUTO AS

BILUTLEIE - BILSALG - DEKKSALG - OLJESERVICE

TLF: 917 00 827 - VARHAUG

Min bok



Marit Nygård

«**Ettervarme**» av Tomas Sjødin

«**Et liv uten bøker er som en barndom uten eventyr, en ungdom uten kjærlighet, en alderdom uten fred.**» C.P. Frøhling.

Å velge kun en bok var vanskelig, men boken til Tomas Sjødin med tittelen: «**Ettervarme**», er en bok som berørte meg.

Tomas Sjødin er en svensk forfatter, pastor og foredragsholder som har skrevet flere bøker. Forfatteren er en mann som har fått kjenne mye smerte i livet. Han har tidligere utgitt bøker der han forteller hvordan det var å miste to av sine barn.

Boken starter der forfatteren forteller om en opplevelse på et turisthotell i Spania. En mann faller død om. Mindre enn en time tidligere har han sittet med sin kone, ved et bord, ut mot havet og sagt at han var lykkelig. Tomas Sjødin, som tilfeldigvis er på samme hotell, blir bedt om å ordne en avskjedsseremoni. Det blir en vanskelig natt, men også en erfaring som setter spor. Opplevelsen blir en inspirasjon til å skrive denne boken.

«**Det gode livet er ikke noe man velger, det er noe man oppdager**» skriver Sjødin.

I boken reflekterer han over flere spørsmål som:

Hva betyr det å ha livet på lån?


Hva er det vi etterlater oss når vi er borte?

Hva betyr det å komme hjem?

Forfatteren sier ikke at han har et endelig svar på alle spørsmål, men har en enkel og klok tilnærming til disse.

Når jeg leser boken kjenner jeg på den gode «**Ettervarmen**»

En bok som handler om livet her på jord, men også et klart himmelperspektiv.



Prisar for leige av Misjonshuset

Innbetalingsgiro vert utlevert på kontoret på Misjonshuset	Kristelege arrangement Eigar-org.		Anna bruk	
	(NMS, IME, NLM, Normisjon)	ANDRE	SELSKAP, GRAVFERD, o.l.	FAGMØTE handelslaget o.l.
Møtesal	300	400	1000	1500
Anretnings kjøkken	300	400	750	900
MATSAL 1)	250	350	900	1200
Kjøkken 2)	200	400	900	1200
Ungdomssal	300	400	900	1200
Tekjøkken (2. etasje)	100	150	200	200
Bønnerom (2. etasje) 3)	100	150	150	150
Foreningsrom 4)	100	150	150	150
Kjellarrom	100	150	150	150

Merknad

- 1): Servering skal så langt det er mulig skje i matsalen.
- 2): Ved koking av kaffe og ikkje oppvask: kr. 50.-
- 3): gratis for bønnemøter
- 4): Gratis for styremøter og planmøter for eigarorganisasjonane og deira tilknytte einingar.

Priser for spesielle arrangementer:

Konfirmasjon/ BRYLLAUP: bruk av kjøkken, matsal, ungd.sal kr. 4500 *)
 " " : bruk av anr.kjøkken og møtesal kr. 3000 *)

Andre selskap med matsal og ungdomssal laurdag: pris som for bryllaup.

*) Leige er for ein heil dag pluss kvelden før til pynting. Merk: ope hus nyttar ungdomssalen fredag kveld, noko som gjer at den berre kan nyttast laurdag.

	Eigarorg.	Andre
Møteveke uten fest på søndag	1000	1300
Møteveke med fest på søndag	1300	1800
Julemesse (fredag/laurdag, og tillaging torsdag)	1500	-----

NYTTÅRSFEST, heile huset kr. 2500 (Ungdomslaget)
 ANNA BRUK AV HUSET Etter avtale.

Leige av utstyr	Pris	andre tenester	Pris
Dukar (lin)	kr. 150. pr stk.	servering ved bryllaup o.a.	kr. 200 pr. time
Dukar (teflon)	kr. 100. pr stk.		
Dukar (velour)	kr. 50. pr stk.		
Bord (gamle trebord)	kr. 40. pr stk.		
Stolar (gamle, sete av tre)	kr. 10. pr stk.		

I TILLEGG TIL LEIGE AV HUSET KJEM 5% AV ALL OMSETNAD (unnateke inngangspengar)

Merk: høgste beløp som skal betalast som 5% for eit arrangement er kr 6000.

Varhaug, 8. januar 2015 - Styret for Varhaug Misjonshus

Faste arrangement

Faste arrangement ajourført 17/10-2019

Faste arrangement på Misjonshuset

Vær grei og meld fra om endringer til post@varhaug-misjonshus.no

arrangement	dag	tidspunkt	rom	Kontakt	tlf
faste arrangementer					
Åpen Barnehage	Man. + torsdag (ikkje i ferie)	0900-1300	Matsal	Jeanette Tegle Tvei	41532651
Pianoøving kulturskolen	mandager (pluss kl 1945-2030)	1330-1815	Matsal	Ragnvald Wermøe	41532618
Homebølet	tirs dager	0930-1200	barnekjeller	Kjellaug L. Røyås	99233840
Ope hus	fredager	2000-2330	ungdomssal	Ola A. Ueland	47232012
Spiren (3-6. klasse)	torsdag, oddetallsuke	1630-1800	matsal/kjøkken	Kristin F. Skrettingland	41106529
Spiren (lensmannsgarden)	torsdag, oddetallsuke	1630-1800	barnekjeller	Silvie Haugstad	48235568
Eldretreff	1. og 3. onsdag i mnd	1400-1600	matsal	Lars-Jan Nord-Varhaug	51431002
Søndagsskolen	søndag	1030-1100	møtesal	Gunn Marit Djøseland	94097484
FRES, ten-oppleg	fredag, oddetallsuke	1900-2100	ungd.sal+mats., kjøkken	Anette Vatne Vagle	41420272
Ungdomslaget	lørdager, hele året	2000	ungd.sal (eller møtesal)	Sigve Kydland	91372021
SUNDAG	søndag, oddetallsuke	1930	møtesal	Liv Skretting	97578557
Sentrum menighet	søndag formiddag. Partallsuke	1015-1115	Møtesal	Torbjørn Honnemyr	47856501
Awana	søndag formiddag. Partallsuke	1015-1200	barnekjeller/ungd.loft	Gina Ueland	47870409
bønnesamling	tirs dager i partallsuke	2030-2230	bønnerom	Solveig Horpestad	41731007
Kor-øvinger					
Minikor	Mandager	1715-1750	Møtesal	Marie Vatne Dyngeland	98817527
ungreskor	Mandager	1815-1915	Møtesal	Anne M. Fauskanger	95935486
musikklag	tirsdag, oddetallsuke	2000-2130	matsal	Solfrid Skretting	51430120
Hananja	onsdag, oddetallsuke	2000-2230	møtesal/matsal	Njål Omland	51431057
UL-Lovsangsgruppe	torsdager, hele året	1900-2130	møtesal eller ungd.sal	Marta Maria Håland	91245354
SUNDAG lovsangsgruppe	Tirs dager, hele året	1900-2130	Møtesal eller ungd.sal	Anne Birgitte L. Bøe	97100737
SUNDAG lovsangsgruppe	Onsdager, hele året	2000-2200	Møtesal eller ungd.sal	Anette Vagle	95937886

VARHAUG MISJONSHUS

VAKTLISTE 2019-2020

<u>namn/tlf (varamann i parantes)</u>	<u>Vekenummer og dato</u>								<u>.</u>
Solfrid Harbo	7	15	23	31	39	47	3	11	
482 53 765	11/2	8/4	3/6	29/7	23/9	18/11	13/1	9/3	
<i>(Asbjørn Fauskanger 94157641)</i>									
Kristian Skrettingland	8	16	24	32	40	48	4	12	
913 75 393	18/2	15/4	10/6	5/8	30/9	25/11	20/1	16/3	
<i>(Andreas Rasmussen 95768809)</i>									
Per-Arvid Jakobsen	9	17	25	33	41	49	5	13	
51430082/926 17 652	25/2	22/4	17/6	12/8	7/10	2/12	27/1	23/3	
<i>(Tor-Jarle Ueland 91671417)</i>									
Torbjørn Honnemyr	10	18	26	34	42	50	6	14	
479 56 501	4/3	29/4	24/6	19/8	14/10	9/12	3/2	30/3	
<i>(Martin Dyngeland 97055506)</i>									
Astrid Varhaug	11	19	27	35	43	51	7	15	
51430336/992 29 781	11/3	6/5	1/7	26/8	21/10	16/12	10/2	6/4	
<i>(Sigbjørn Varhaug 51430336)</i>									
Tron Stokkeland	12	20	28	36	44	52	8	16	
957 04 903	18/3	13/5	8/7	2/9	28/10	23/12	17/2	13/4	
<i>(Leif Nord-Varhaug 91192055)</i>									
Georg Høien	13	21	29	37	45	53/1	9	17	
414 74 560	25/3	20/5	15/7	9/9	4/11	30/12	24/2	20/4	
<i>(Kjell Gunnar Arnesen 95486532)</i>									
Tarald Ånestad	14	22	30	38	46	2	10	18	
906 37 516	1/4	27/5	22/7	16/9	11/11	6/1	2/3	27/4	
<i>(Ståle Ånestad 94885541)</i>									

Til alle brukarar av huset.

(Angitt dato er for mandagene).

Dersom du må ha hjelp til noko når du leiger Misjonshuset, kan du ta kontakt med den som har vakt. Tlf nr til Misjonshuset: 51430808.

Kontortid på Misjonshuset er mandag og torsdag kl 2000-2100,

I juli vil det ikkje vere kontortid. Ein kan óg nytte internettsida for å bestille leige, sjå http://www.varhaug-misjonshus.no/?page_id=752

Styret for Misjonshuset.



AH Bygg Auestad & Håland AS
Møllev. 12, 4360 Varhaug
Tlf.: 51798579

BYGGMESTER
O d d m u n d
VAGLE



Tlf 47 63 62 02
Ånestadvegen 292 - 4360 Varhaug

BØEN STORKIOSK
G A T E K J Ø K K E N

Dublandsvegen 1A - 4360 Varhaug - Tlf: 51 43 00 99

Mandag - Torsdag: 10⁰⁰ - 22⁰⁰ Fredag: 10⁰⁰ - 23⁰⁰

Lørdag: 09⁰⁰ - 23⁰⁰ Søndag: 10⁰⁰ - 22⁰⁰



Rilling av spaltegulv. Graving og drenering. Senking av kjeller. Utmeisling av fjøs.

Egil Håland 416 99 617 www.Toppaland.no toppaland@gmail.com



Mobil 970 55 500

SKAL DU GRAVE?

KONTAKT

ERLING AUESTAD

MASKINENTREPENØR
VARHAUG

Alt innen graving
Tlf. 51430878
Mobil. 97197815



butikken

– mer enn du tror!

Felleskjøpet Varhaug AS, Mølleveien 4, 4360 Varhaug
Tlf. 51 77 14 70
Åpningstid: Man. - fre. 8-17, lør. 9-14

Haaland Bilverksted

Opstadvegen 647 - 4360 Varhaug
Telefon: 90 50 65 66





Me syng jula
inn på Misjonshuset
søndag 15. des. kl 18.



Foto: Per Åge Skretting